

Smedsrud (gnr. 148)

Smidszrud: Navn der 1. leden sikkert er mannsnamnet. SMIDR eller samnamnet smidr. I skrivne kjelder vil ein finne garden Smedsrud i Fåberg nemnt i Stiftsboka av 1578. Navnet er skrivne Smidtzrud, og det er opplyst at garden eller ein part av garden på 1/2 hud låg til Fåberg prestebolig. I manntallet for bygningsskatten 1594 er grd. "Smidzrud" ført i gruppa for "Halfue gaarde" som svara den utlikna skatten med 1 ort. I 1604 vart tiendekorn av "Smesterudt" utreidd med 1/2 tønne som for "Kasterudt" og "Dallerudt". Men same året er det og listeført ein ødegårdsmann med namnet Peder Smidsrud. Det tyder på at garden alt da var delt og hadde oppsittarar.

"Etter atter 6 år finn ein i 1610 fortalt at husmannen Gulbrand Smidsrud betalte ein 1/2 daler i skatt, og 10 år seinere var det i 1620 "Gulich Smedsrud" som brukte garden. Bygselbønder og leiglendinger sat av fleire grunnar utrygt på gardane og kunne ofte skifte. Gulbrand Smedsrud var derimot brukar på garden også i 1630. Han betalde da den utlikna skatten på "Leiglendingebønner" med 1 dr., og SMEDSRUD var framleis ført i gruppa for "Ødegarder". Ein liten mannsalder seinare er det i 1657 derimot oppgitt at brukaren heitte "Halduor Smidzrud", og at husdyrhaldet på garden var da : 1 hoppe, 8 naut og 7 sauer. Av mannskjønnsmanntallet for 1665 går det vidare fram at brukaren med farsnavn heitte Halvor Gulbrandsen og da var 50 år, Samtidig er det fortalt at den samla landskyld av Smedsrud var 1 hud 3 skinn eller 15 skinn .

År 1668 kom den første norske matrikkelen med nemnande opplysningar om garden. Der er det om "Smedtzrud" fortalt at den samla landskyld av garden ganske riktig var 1 hud 3 skinn eller 15 skinn, men landskylda kunne og bli innkravd i 1 1/2 bismerpund 8 merker smør. Brukar av garden var framleis Halvor Gulbrandsen , men eigar av Smedsrud, og da av heile garden, var framleis Fåberg prestebol. Vidare er det i matrikkelen av 1668 fortalt at innmarka på Smedsrud var "Tømmelig god", men "Kan ej vidare forbedres". Buskapen av store husdyr var da 2 hestar og 8 naut, og korntianda vart utreidd med 1 3/8 tn., som altså svara til ei årsavling på 13-14 tønner. Når det er oppgitt at det var ein liten humlehage på garden, så minner dette om at slik var det og på andre av dei gardene som hørde prestebølet til, slik var det på Roland, og slik var det på Fryjordet i Vingrom, som i lang tid hørde Ringsaker prestebol til. Endelig fortel matrikkelen av 1668 at Smedsrud alt da hadde seter og sommarbeite for krøtera på "Kinnaseter".

Den 14. november 1684 var det arveskifte på Smedsrud i Faaberg. Husbonden Laurids Smedsrud var gått bort, og det er opplyst at han hadde vore gift med enka etter Halvor Smedsrud. Halvor hadde i dette ekteskapet 3 døtre: 1. Inger Halvorsdr., 2. Ingeborg Halvorsdr. 3. Kirsten Halvorsdr..

Laurids Smedsrud hadde i sitt ekteskap med enka etter Halvor ei dotter, dottera heitte Beret Lauridsdr. Ved arveskiftet etter Laurids Smedsrud er det vidare opplyst at skiftebuet utgjorde brutto 66 rd., men her var truleg ikkje noko jordegods medregistrert i buet.

Kring tjuge år seinare var det 1705 døsbudskifte etter Peder Smedsrud også på "Smedsrud i Fåberg". Arvebuet utgjorde da brutto 69 rd., og nette 29 rd. sikkert utan jordegods.

Arvingane ved skiftet var : a. Elev, b. Marit, c. Helge.-To år seinare gav i 1707 soknepresten hr, Johan Rosing bygselseddel til Peder Pedersen Smedsrud på bruken av grd. "Smidsrud". Bygselseddelen vart tinglese på "Lillehammer i Faaberg" den 23. Desb. 1707. Etter atter 4 år let i 1711 "Peder Smedtzrud" tinglese "Kgl". Mayts. Fogeds bevillingsseddel på en sæterløkke på Kindtz sætere, som han årlig svarer 2 skl.av." Med matrikkelframlegget av 1723 kom det fleire og nyare opplysningar om gardane. Der er det om "Smedsrud" opplyst at garden framleis var "Faaberg Presteboel med bøxel tilhørig". Den samla landskyld av garden var framleis 1 hud 3 skinn, og busakpen på Smedsrud utgjorde : 2 hester. 12 naut, 7 sauer og 6 geiter. Det er vidare oppgitt at garden ligg i sollia og var da tungbrukt, men jordarten der er

god. Det årlige utsæd av korn var da 3 ½ tønner bygg og litt rug, og den årlige høyavlinga utgjorde kring 20 lass. Det er vidare oppgitt at det var skog tilbrenneved, gjerdefang og hustømmer, og at garden hadde eiga ”Qvern hvorpaa ichun malis til huusnøtte”.

I år 1736 var det brukarskifte, og Peder Pedersen f. 1704 fekk bygselseddel av sokneprest hr. Hans Bircherod og tok over som bygselsbonde på Smedsrud. – Same Peder Pedersen Smedsrud f. 1704 var gift 3 gonger: først med Ingeborg Olsdr. Lundgaard, så med i 2 ekteskap, Beret Pedersdr. Og så med i 3. ekteskap, Ragnhild Olsdr. Mitvold. I desse ekteskap var det 3 born i ekteskap 1 og 5 born i 3. ekteskap. Borna i 1. ekteskap var : Peder, døypt 13./1.1737, gift 1774 med Sessel Kristensdr. B. Ole, døypt 6./1 1741. G.1775 m. Mari Arnesdr., c, Christen. Borna i 3. Ekteskap var: d.Maren. f. 1746, e. Tore f. 1747, f, Ingeborg f.1749, gift 1774 med Lars Arnesen Ulland, Ormerud, g. Beret f. 1752, h.Kjærsti f. 1755.g.1775 m. Svend Olsen Smedsrud.

Peder Pedersen f. 1704 brukte Smedsrud til i 1765 og døde i 1766. I 1765 gav dei to eldste sønene Peder Pedersen f. 1737 og Ole Pedersen f. 1741 tinglyst kvittering isaman til faren Peder Pedersen f. 1704 på arven etter mor si, tilsm. 106 rd. 1 ort 8 skl.

I år 1773 hadde den lærde hr. Ole Irgens tatt over som sokneprest i Fåberg, og han gav da bygselseddel på bruken grd. Smedsrud til Ole Olsen f. 1738, (etter Gudbr. Fliflet: vistnok fra Skjeggestad i Gausdal.)

Denne bygselseddelen av 1773 gir fleire utskrift av panteboka referert slik:

”Smedsrud.

Bygselseddel dat, 2.desember 1773 tgl. 17.febr. 1774.

Ole Irgens sokneprest til Fåberg Prestegjeld bygsler og fester til Ole Olsen gården Smedsrud beliggende i Fåberg prestegjeld og skyldende årlig til Fåberg prestebol 1 hud 3 skind med bygsel og landskyld, hvilken gård enken Ragnhild Smedsrud godvillig for alderdoms skuld oplader for ham, som er forlovet med hennes eldste datter, på de vilkår at hun i sin alderdom forsørgeres av den efter en mellem den opprettet føderådskontrakt. Ole Olsen har betalt Bygselspenge, og han kan bruke og bebo gården så lenge han utrede til rett tid de kongl.skatter og alle andre retigheter.”

Ole Olsen som dermed tok over som brukar på Smedsrud, giftet seg i 1774 med Maren, og de fekk 3 born. Dei var: 1. Ingeborg f. 1775. 2.Peder f. 1777, 3. Christen f. 1787.

År 1801 kom påbodet om folketelling, og det budde da 2 familiar på og /eller ved Smedsrud. Dei var:

1.Familie: 1. Ole Olsen husbonden, enkemann, 61 år. 2. Ingeborg, dotter hans. 26 år. 3. Peder sonen hans, 24 år, 4. Christen Olsen, sonen hans 14 år, 5. Kari Oldendtr., tenestekvinne 46 år.

2.familie: 1. Johannes Hansen, husmann med jord, 39 år, 2. Marit Gudmundsdr. kona hans 43 år, 3. Svend, son deres 13 år, 4. Berthe, dotter deres 9 år, 5. Johan, sonen deres 5 år.

To år seinare gav så i 1803 den daverande sokneprest til Fåberg, Andreas Broch, bygselseddel til ungarl Peder Olsen på bruken av Smedsrud mot at han samtidig gav føderådskontrakt til far, Ole Olsen f. 1738.

Peder Olsen f. 1777 som da tok over som brukar på Smedsrud, gifta seg i 1804 med Marit Hansdr. Grønlien, og de fekk i sitt ekteskap 4 born. Dei var:1. Ole f. 1805, 2. Hans f.1806,3.Anders f. 1811, og 4. Ole f. 1816.

Litt meir om storleiken på garden i den tid går fram av matrikkelframlegget for Fåberg av 1819. Der er det om "Smesrud" oppgitt at buskapen av store husdyr da var 2 hestar og 10 naut, og at den årlige utsæd av korn utgjorde kring 6 tønner.

I år 1838 vart den gamle landskylda i huder og skinn skifta ut med ei matrikkelskyld uttrykt i skylddalar, ort og skilling. Smedsrud fekk da som si nye matrikkelskyld: 5 skylddalar 15 skilling, og det var framleis Peder Olsen f. 1777 som var bygselbonde på Smedsrud.-

Ni år seinare var det i 1847 mindelig utskifting av skogsmarka i "Kinden Sæterlag".

År 1860 kom så det store omskifte av eigar- og driftstilhøva på Smedsrud: Andreas Eriksen Mitvold fekk da "Kongeligt Skjøde" på grd. Smedsrud mot kjøpesum 2025 spd. Skjøtet er datert 10.mars 1860 og tinglese 2, september 1862.- I samband med handelen lånte så kjøparen Andreas Eriksen Mitvold med selskyldnercautionist Even E Rusten den sum av 1638 spd, av Pensionsfondet for Geistlige enker.

I samband med folke- og jordbrukstellingane i 1865 vart det publisert fleire nyare opplysningar om gardane. Der er det om Smedsrud fortalt at buskapen på sjølve garden Smedsrud da utgjorde 2 hester, 10 storfe og 14 småfe, men dertil var det på ein husmannsplass til garden 1 ku og 4 småkrøter. Ført på same måten var utsæden på sjølve Smedsrud det året: 7 1/3 tønner korn og 6 1/2 tønner settepoteter.

Andreas Eriksen Smedsrud, som kjøpte garden i 1860, brukte så Smedsrud til 1891. Da han skjøta garden over til sonen Erik Andreassen for sum kr. 4550.- + eit føderåd av 5-årlig verdi kr. 1350,-.

År 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny av samla skyld matrikkelskyld rekna i mark og øre og slik at det var 100 øre i 1 mark. Smedsrud i Fåberg fekk sitt nye gardsnummer nr 148 av samla skyld 5,62 mark , og dette var altså enda i den tid da Andreas Eriksen Mitvold var eiga av Smedsrud,- Etter ajourført matrikkel av 1904 var det derimot skjedd det skifte at sonen Erik Andreassen Smedsrud hadde tatt over og var eigar og bruker av garden, og det var framleis 1 brukar under gardsnummer 148 Smedsrud.

Som eit streif av nyare tid tek vi her med at ved kommuneval i 1907 budde det 6 personar med røysterett på og/eller ved Smedsrud. Dei var: 1. Gardbr. Erik A. Smedsrud, 46 år, 2. Husmor Anne L. Smedsrud 47 år, 3. Føderådsmann Andreas E. Smedsrud 84 år, 4. Kona hans, Matea P. Smedsrud, 66 år, 5. Husmann Halvor Olsen, 67 år, arbeidar Ole Halvorsen, 43 år.

Av handlar med garden i seinare tid tek vi vidare med i år 1946 overtok så sonen Erik A. Smedsrud ættegarden Smedsrud etter faren Andreas Smedsrud og hustru Borghild f. Grønlien Etter det som her er tatt med, viser vi vidare til dei interessante opplysningar som Andreas Smedsrud ut frå sitt nære kjennskap til garden gir i det etterfølgjande. Tala ved kvart nytt avsnitt viser til tilsvarande spørsmål i dei utsendte spørjeskjema:

1. SMEDSRUD: gardsnr. 148,bruksnummer 1, skyld 5,62. Dyrka jord ca. 90 dekar, blandet morenejord, annet jordbruksareal ca.90dekar, skogsareal ca.450 dekar. Til samme garden hører også Sveen, en voll på Jørstadmoen. gardsnr. 162, bruksnr. 3, skyld 0,75, dyrka jord ca. 20 dekar og en liten skogteig.

2. Som utslått må en nemne seterløkken på Kinnen seter, denne ble slått så sein som omkring 1925.

4. Garden ligger på en høyde av 285 meter over havet.

5. Garden ble kjøpt i 1860. Våningshuset som var opplåftet av grovt tømmer, ble i 1863 en del ombygget. I huset var det et stort kjøkken med innemuret peis i 1.etasje, i peisen var det i østre Kind innmuret bakerovn. Et mindre kammers med fradelt kove og et innebygd skap. I 2. etasje var det et lite rom til presteenene. Huset ble så forbedret, kjelleren utvidet og nå med

dør ut mot hagen. En gang ble tilbygd med avdelte rom i begge etasjer, dessuten ble huset røstet om fra øst/vest til nord/syd.

I 1878 ble nytt fjøs og ny stall tømret opp med muret gjødselkjeller under. I 1889 ble det ført opp føderådsbygning. Den var lafthugget på Kinnen seter og egentlig tenkt benyttet som seterhus, men ble kjørt heim til garden og satt opp som føderådsbygning i to etasjer. I 1895 ble låven flyttet og utvidet. To år senere, i 1807 ble ny stall til 4 hester ført opp. Den var lafthugget og med bindingsverk over. Den ble bygget som en sidefløy til låven. Samtidig ble fjøset utvidet med den gamle stall.

I 1896 flyttet de siste husmannsfolkene inn på plassen Smedsrudengen. Det var Ane og Halvor Olsen.

De bebodde plassen til sin død. Siden bodde deres sønn Ole Halvorsen der til 1938.

I 1900 ble en gammel laftet bu med melkerom til siling av melk i koller, lagt oppigjen til drengestue. Det ble laget muret bryggerhus i kjelleren. I tiden 1916 til 1918 ble et tilbygg til hovedbygningen oppført i to etasjer. Med kjeller under. I hver etasje var det to rom. – I 1923 ble det bygget nytt sau- og grisehus. – I 1926 ble Enebo, en liten villa oppført. Den tilhørte den gang Agnethe Nilsen Horn. – I 1938 ble nytt fjøs i mur og betong bygd. – I 1956 ble det oppført ny hovedbygning.

6. Av eldre ting som finnes på garden kan nevnes: a. En stor jernbeslått kiste, rose malt og med navnet Rønnaug Amundsatter 1769, b. et mindre rose malt skap, datert 1792. C. en eldre stueklokke signert Johannes Leikvam, d. en Stræteklokke, datert 1864, senere rose malt, e. en jernbeslått kiste med initialene B.J.G. (Berte Johnsdatter Gruven). Ved siden av dette finnes flere katoll. Særlig må nevnes ett som etter all sansynlighet har tilhørt Steffan Frich. Skapet har vært benyttet som kontorskap for Fåberg Brannkasse og Fåberg forsorgsvesen. Det er ikke innskrevet noe årstall. Men tekst ellers bærer tydelig preg av en slik benyttelse. Skatoøøet er plugget sammen med trepinner. Naglene og lås og hengsler er hjemmelaget. – Et annet skap benyttet som kjøkkenskap i det gamle hovedhus er også av svært gammel dato. Dette er plugget sammen med trepinner, og ved bruk og elde er nesten hele bunnen i skyffene slitt bort.

7. Det finnes på eiendommen flere tufter etter eldre tid. Vi har navn som Ringen og Engen. I Ringen er det flere tufter etter kolbrenning. Vi har Storåkeren, der en grønn sakbu var muret inn i bakken og med humlestaurer ved siden. Av pkrer ellers kan en nevne: Gjerdingen, Trystuåkeren. Lin- og Hamp- og låveåkeren. Samt Kopperudåkeren og Smiåkeren. Det vises ellers til arkivene på Hamar, der det sikkert må finnes noe om deling av garden en gang før 1860. Således er sagt at Kopperud ble gitt til Presterud etter hundebit? Denne eiendommen (Kopperud) ligger da også som en rute i det ene hjørne ved Smedsrud.

8. Det har ikke vært foretatt noe skifte eller salg ved garden siden 1860, annet enn mellom far og eldste sønn. I 1925 ble imidlertid gardsnr. 162, bruksnr. 3 Sveen tilhørende da avdøde garver B.A. Nilsen Horn og gjenlevende hustru Agnethe f. Smedsrud, solgt ved offentlig auksjon. Andreas E Smedsrud kjøpte eiendommen for kr. 6000. – Kjøpekontrakten er datert 20. Mai samme år og undertegnet av L. Sæther og Stener Ekren.

Til 9 og 10 - Andreas Eriksen Mitvold var født 25. April 1823. Han var en av de yngste av 11 søsken på garden Mitvoll i Gausdal, og han hadde i noen år vært eier og bruker av gården Riddervoldsrud i Gausdal i sammen med sin bror Elias. – Samme året som Andreas kjøpte gard, ble han gift med Mathea Pedersdatter Huse, fra garden Huse i Fåberg. Mathea var født 27. Februar 1841. De tok navn etter garden og skrev seg siden for Mathea og Andreas Smedsrud. Disse er Mathea og Andreas Smedsruks barn: Erik f. 29.7.1861, 2. Anton f. 1863, ugift, død i USA, 3. Agnethe f. 1868. g.m. garver B.A. Nilsen Horn. 4. Peder f. 1873, død i USA, 5. Johanne Emilie f. 1876, død som barn, 6. Emil f. 1879, gift på Lundehagen i Ringsaker. 7. Thora f. 1882, g.m. Lauritz Urlien i Fåberg. – Det dyrkede areal som i 1860 besto av 7 åkrer, hvorav den største målte ca. 3,5 dekar, var ved overdragelsen i 1891 utvidet til ca.

140 dekar. Til dette hørte opptømrede løer, den ene i Ringen, de andre i jordet.- De tre innkjerede engeslåtter Uren, Engen og Ringen ble alle benyttet til havn fra 1893. - I 1893 ble det anskaffet en ny brotplog og en såkalt skogdjevel. Fra denne tid ble det enkelte år opparbeidet flere dekar nyjord. Tussen ble avløst av innkjøp av en ny treskemaskin og hestevandring. I 1896 ble den første nye slåmaskin innkjøpt. Den overtok mye av det tunge arbeidet for ljaen der det var høvelig terreng. Samme året ble det også innkjøpt en Mesnabruks hesterive.- Besetningen i 1900 var 7 kuer, i okse , 2 ungdyr, 4 kalver, 8 geiter, 7 sauer. 3 hester og 1 føll. I 1917 solgte Anne og Erik Smedsrud garden til sin eldste sønn Andreas. De tok imidlertid føderåd satt til en verdi av 300 kr, og beboelsesrom i det nyoppførte tilbygg til våningshuset. Fra denne tid var det altså kårfolk av to generasjoner på garden. I tidsrommet 1880 til 1905, reiste 3 av gardens sønner til Amerika. Uten disse 3 reiste også 4 tjenestegutter og 5 jenter. Bare to av disse kom tilbake til hjemlandet og bosatte seg her. Begge var gutter. Disse er Anne og Erik Smedsruks barn; 1. Andreas f. 1890, g.m. Borghild Grønlien f. 1891. 2. Ingeborg f. 1892, ugift, sykepleierske, død 1958. 3. Og 4. Martinus og Lars, begge døde samme året, 5. Mathea f. 1896, ugift, lærerinne, død 1946. 6. Lars f. 1899, g.m. Oline Flugstadhaugen, Fåberg, 7- Erika f. 1902. G.m. Per E.Midtvoll, Gausdal, 8. Ottar f. 1905, døde vel 1 år gammel.

Andreas Smedsrud f. 1890 ble gift med Borghild Grønlien 1916 og de overtok garden i 1917. - Den dyrkede jord var da ca. 65 dekar, Under den første verdenskrig ble det i 1918 utsådd 9 ½ tønne korn, målt med mæle og setting. Samme høst ble det tresket og båret i hus ca, 158 sekker godt korn.- I 1918 kom det elektriske lyset til garden. En ny elektrisk motor ble kjøpt i sammen med et Bjørnsruds treskeverk. Treskelag og kappsaglag ble dannet, og garden fikk ¼ part i dette nye maskineriet. I 1925 ble det innlagt springvann fra egen ny kilde. Våren 1927 flyttet Agnethe Nilsen Horn inn i sitt nye hjem Enebo på Smedsrud. Året etter, i 1928 kom det en ny bilveg, den såkalte Øverbygdsvegen over eiendommen. Det ble gitt fri grunn til vegen. I 1934 døde Anne Smedsrud f. Gruven 74 år gammel. I 1939 døde Erik Smedsrud vel 78 år gammel. Da den 2 verdenskrig begynte ble det i den ledige kårbygningen opprettet matstasjon for flyktninger og en stab av sambandet, Soldater og flyktninger var der også for overnatting.

Disse er Borghild og Andreas Smedsruks barn : Erik f. 1918, g.m.Berte Toft, Gausdal, 2. Kristine f. 1920, g.m. Aksel Stuksrud, Fåberg. 3. Per, f. 1923, g.m. Anne Findalen, V. Gausdal, 4. Anne f. 1926, g.m. Kristian Haugen, Skjedsmo, 5. Anton, f. 1929, g.m .Oddrun Skansen, Fåberg, 6. Asbjørn f. 1932, g.m. Bodil Kabel, Danmark, 7. Bjarne, f. 1936. I 1946 solgte Borghild og Andreas Smedsrud garden til sin eldste sønn Erik. Kjøpesum kr. 20.000.- og føderåd. Kjøpekontrakten er datert 26 . februar 1946 og bevidtnet av Hans H. Bleken og Johs. Nordtorp.

Disse er Berte og Erik Smedsruks barn: 1. Arne f. 1947, 2. Bjørg Randi f. 1949. 3. Knut Steinar f. 1952, 4. Torbjørn f. 1956, 5. Inger Helene f. 1958, 6. Svein Gunnar f. 1961. 13. Jordbruksarealet ca. 1960: 8-10 dekar poteter, 40 dekar voll, 60 dekar kornåker. Den gamle redskap er stort sett utskiftet mrd annen redskap, en såmaskin unntatt. I stedet er det innkjøpt traktor med en del redskap. Den første traktoren, en Oliver beltetraktor ble innkjøpt i 1946, en hjultraktor i 1960.

14. Buskap i 1960: 1 hest, 11 storfe, 3 purker, 2 foringsgriser. Det alt vesentlige arbeid i onnene i 1960 ble utført av gardens egne folk.

15. Omkring 1900 var det daglig 1 husmann. 1 tjenestejente, 1 tjenestegutt, 1 budeie. Sammen med gardens egne folk ble det 12 stykker i kosten.

16. Vanlig lager på stabburet av mat var: Den samlede avling av korn, mel og gryn. Ved siden av dette, store stabler av flatbrød, spekemat, saltet kjøtt og flesk. En tid også skoldede muler og bein av de dyr som var slaktet. En hel del sylte og store rekker med blodpølse. Ved

slaktingen om høsten var det ofte med 12 driftesauer som gardens folk skulle ha innmat og blod av.

17. I denne tiden var det vanlig at maten ble øst opp i treskåler eller større fat og flere persjoner spiste ut av samme fatet. Det ble benyttet treskjeer.

Vanlige måltider var: kl. 6.00 frokost eller førdugurd. Det ble brukt bakerovnsbrød med natursmør og gammelost. Erter- eller byggbrød med rød og hvit geitost. Eller også spekemat.

Kl. 9.30 vanlig dugurd med melk og grøt, flatbrød, smør og ost. Ofte også oppvarmet blodpølse, sild og poteter, enkelte ganger suppsoll.

Kl. 14.30 middag. Kål , kokt på salt kjøtt og flesk, varierende med erter og byggryn. Søll av god melk med spekemat, varierende med fersk sodd og enkelte ganger fisk.

Kl. 20.00 kveldsvord, Vassgraut og melk, eller sild og poteter. Enkelte ganger poteter, salt og pepper eller syltelabber.

Finnerud Fåberg 30/4 .1962 .

Andreas Smedsrud

Om Kopperud kan bemerkes at før 1723 tilhørte den danske stat. I 1723 ble det sammen med mange andre kjøpt av Fåberg kirke. 1745 kjøper så Kopperud av Presterud, som da blir eier av Kopperud inntil Andreassen (Kopperud) kjøper det av Presterud litt ut i 1880 årene. Dette er den riktige historie om Kopperud.

Versjonen til A. Smedsrud er nok bygget opp av uvitenhet og gamle gjetninger.

O.K.